


Abortregisteret: Ressursutnytting og kvalitet i behandlinga


Helsedata og digitalisering, Folkehelseinstituttet

Medikamentell metode er den vanlegaste behandlingsforma for svangerskapsavbrot i Noreg. Prosentdelen medikamentelle svangerskapsavbrot kan fungera som ein indikator på ressursbruken på avdelingane og tilgangen på dei ulike metodane for kvinna.



Figur 1: Prosentdel medikamentelle og kirurgiske svangerskapsavbrot på sjukehus med meir enn 300 avbrot i 2014.

Prosentdelen kvinner som får utført svangerskapsavbrot før 9. veke kan vera ein indikator for tenestetilgangen og ventetida ved dei ulike sjukehusa.



Figur 2: Prosentdel svangerskapsavbrot utført før 9. veke, ved sjukehus med meir enn 300 avbrot i 2014.

Formål

- Gi grunnlag for statistikk som omhandlar praktisering av lov om svangerskapsavbrot.
- Bidra til å evaluera tiltak mot uynskte svangerskap og svangerskapsavbrot.
- Bidra til god kvalitet og ressursutnytting i behandlinga.
- Gi grunnlag for planlegging, styring og kvalitetssikring av helse- og omsorgstenesta, samt forskning.

Organisering

- Landsdekkande aidentifisert helseregister med data sidan 1979.
- Folkehelseinstituttet er datahandsamingsansvarleg og utarbeider statistikken.

Innhald i Abortregisteret

Kjelde

Sjukehus og institusjonar som utfører svangerskapsavbrot.

Data

Aidentifiserte person- og administrative opplysingar knytt til begjæringar, svangerskapsavbrot og kvinna:

- Medisinske opplysingar.
- Opplysingar om nemndbehandling.
- Opplysingar om fosterdiagnostikk.
- Opplysingar om inngrep og behandling.

